VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 06.07.2026
Vår ref.: 202514846-24 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

NVE ber Vestland fylkeskommune om vurdering av kulturminne - søknad om konsesjon til regulering av Ramsgrøvatnet og vassuttak frå Salbuelva - Hyllestad kommune i Vestland

NVE var 15.06.2026 på synfaring av Ramsgrøvatnet og Salbuelva i samanheng med Salbu Produksjon AS sin konsesjonssøknad til å regulere Ramsgrøvatnet og ta ut vatn til settefiskproduksjon. Vestland fylkeskommune leverte kulturmiljøfagleg høyringsinnspel i saka 15.01.2026 der de skreiv at:

> *«(…)*
>
> *Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Potensial for funn vert vurdert som lågt. Vi ber likevel om at ein under opparbeiding av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, tufter m.m.*
>
> *Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd. Vi ber om at de tek dette løyvet slik at det vert gjort kjent for grunneigar/tiltakshavar.*
>
> *(…)»*

På synfaringa fekk deltakarane moglegheit til å levere nytt høyringsinnspel dersom dei har ny informasjon til saka. NVE har mottatt eit nytt høyringsinnspel med informasjon om eit mogleg uregistrert kulturminne (punkt 4 i høyringsinnspelet).

I høyringsuttale av **01.07.2026** skriv **Randi Jepsen og Rolf Horne**:

> *«(…)*
>
> *Som ny informasjon vil vi gjere merksam på dei tre tuftane med restar av grunnmurer fra historiske naust i vasskanten ved den nordlege enden av Ramsgrøvatnet. Spørsmålet er om desse har verdi som kulturminne.*

(…)»

Tuftane etter nausta som omtalast er ikkje registrert i kulturminnesok.no. NVE ber difor Vestland fylkeskommune gjere ei vurdering av tuftane og om dei skal takast omsyn til i handsaminga av konsesjonssøknaden til Salbu Produksjon AS.

Høyringssinnspelet er lagt ved som vedlegg, men kan også lesast på nettsida til saka (Konsesjonssak - NVE).

Med helsing

Bård Andreas Selstad Ottesen
fagleiar akvakultur

Malin Solheim Høstmark
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrifter. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SALBU PRODUKSJON AS
RANDI JEPSEN
Rolf Horne